



Eli Johanne Ohnstad
Rygg 36
5745 AURLAND

Deres ref.:

Vår ref.:
20/18162 - 5 / LIMOHE

Vedtaksdato:
01.12.2021

Løyve til seksjonering - gbnr 111/3 - Alver kommune

Administrativt vedtak. Saknr:

Bakgrunn for saken:

Alfhild Skårnes og Eli Johanne Ohnstad har sendt inn søknad om oppdeling av egedomen gbnr. 111/3 i eit sameige beståande av 2 seksjonar. Det er søkt og gitt løyve til oppføring av to bustadar på egedomen. Kvar buening på egedomen skal etter seksjoneringa utgjere ein eigen seksjon.

Vedtak:

I medhald av §13 i Lov om eigarseksjonar, vert oppdeling av gbnr. 111/3 i 2 eigarseksjonar godkjent slik det er søkt om. Seksjonane får fylgjande sameigebrøk, føremål og tilleggsareal:

Seksjonsnr.	Sameigebrøk	Føremål	Tilleggsareal
1	1/2	Bustad	B
2	1/2	Bustad	B

Saksutredning:

J.f. Situasjonsplan og planteikningar er det to bygg med ein buening i kvart bygg. Det er og 2 bodar på eigedomen. Det er og registrert gamle husgrunnar og brønn på eigedomen, dette er med i felles uteareal. Begge bueningane har eigen inngang frå felles uteareal. Kvar seksjon har tilgang til nødvendige funksjonar frå eige areal eller felles uteareal.

Det er avsett tilstrekkeleg areal til parkering på eigedomen.

Alt uteareal skal etter seksjoneringa vere felles for alle seksjonane i seksjonssameige.

Det er utarbeid vedtekter for sameige.

Faktiske opplysninger:

Søknad om seksjonering er innsendt kommunen og har fylgjande vedlegg:

- Situasjonsplan
- Planteikningar som viser seksjonsinndeling
- Vedtekter for sameige

Vurderinger:

Kommunen finn at seksjoneringssøknaden både samla og for dei enkelte seksjonane oppfyller krava i lov om eigarseksjonar, og tilrår å godkjenne seksjonering slik omsøkt.

Vidare saksgang:

Vedtaket vert sendt rekvirent med rett til klage jf. Forvaltningslova. Saka vert matrikkelført og faktura for sakshandsaming og tinglysing vert sendt heimelshavar. Saksdokument saman med melding til tinglysing vert sendt kartverket når klagefristen på 3 veker er ute. Ved retur av tinglyst dokument frå kartverket, vert matrikkelbrev for eigedomen etter seksjonering saman med saksdokumenta sendt rekvirent.

Klage:

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. Kommuneleova §23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Føreliggjande vedtak er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om forvaltning (fvl.). vedtaket kan klagast på til kommunen jf. Fvl. §28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig, eller krav om erstatning må høvet til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. Fvl. §27b.

Gebyr:

Heimelshavar ber kostnad med sakshandsamingsbegyr for seksjonerings-saka etter gjeldande regulativ og dekker kostnad knytt til tinglysing av saka.

Med hilsen

Morten Mangerøy Helland
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Vedlegg

Planteikningar	1655801	08.12.2021
Sameigevedtekter	1655802	08.12.2021
Situasjonskart	1655803	08.12.2021
Søknad om seksjonering	1655804	08.12.2021
Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak	1655805	08.12.2021

Mottakere:

Alfhild Hildur Irene Skårnes	Skornesvegen 172	5955	LINDÅS
Eli Johanne Ohnstad	Rygg 36	5745	AURLAND